

05.11.2010

Held Sp fast ved eigedomsskatten?



Held Sp fast ved eigedomsskatten? (Foto: Knut A. Myklebust)

**Om Senterpartiet vil halda fast på dagens ordning med eigedomsskatt er uvisst.
Leiar Elin Legland opplyser at dei ikkje har diskutert saka inngåande enno.**

– Det er ei endring på gang frå statleg hald, som gjer at private kan koma til å bli haldne utanfor ordninga, så vi må først sjå resultatet av denne revisjonen som no føregår, seier Legland til HusnesNett.

Men det er eit problemat skulle vi fjerna delar av eigedomsskatten i Kvinnherad, vil det føra til at kommunen misser mange millionar kroner, legg Sp-leiaren til.

– Kva med samarbeidet med dei andre partia i koalisjonen etter at Arbeidarpartiet har signalisert at dei ikkje vil vera med på nokon ny 'Naustloft-avtale'?

– Vi har hatt eit godt samarbeid i denne perioden, spesielt innafor økonomi, og kommunen har greidd seg godt gjennom finanskrisa og andre utfordringar, mykje takk vera avtalen oss imellom. Det skal vi vera stolte av. Mi meining er at det er naturleg å fortsetja samarbeidet med andre parti viss vi skal kunna gjera ein god jobb for kommunen. Men ingen ting er bestemt og fastlåst enno, og vi må dessutan sjå på sakene vi skal samarbeida om, seier Elin Legland.

Av Kristian Hus